

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 11/5283-14

Klage på avslag om tilskott til vedlikehald av privat veg, Luster - gbnr.1/1 Ormelid - freda anlegg

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd opprettheld Kulturavdelinga sitt avslag på tilskott til vedlikehald av privat veg datert 05.02.2014. Klagen frå buet etter Erling Johannes Ormelid, siste brukar på gnr. 1, bnr. 1 i Luster kommune, vert ikkje teke til følgje.

Vedlegg:

Brev frå bustyrar, adv. Gjeraker datert 09.01.2014 – søknad om tilskott
Kulturavdelinga sitt brev til buet datert 05.02.2014 – avslag på søknad om tilskott
Brev frå bustyrar, adv. Gjeraker datert 11.02.2014 – klage på avslag om tilskott
Overføringsnotat frå Kulturavdelinga til Fylkesrådmannen datert 24.04.2014
Vedlegg til overføringsnotat:
Vedtak om freding av kulturminne datert 07.08.2014
Riksantikvaren sitt informasjonskriv
Klagar sine merknader til overføringsnotat datert 28.05.2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka gjeld klage på avslag om tilskott til ordinært vedlikehald av privat veg som gjev åtkomst til freda kulturminne. Det ordinære vedlikehaldet av den private vegen er eigar sitt ansvar og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje noko medansvar for dette.

2. Bakgrunn for saka

I brev av 9. januar 2014 søkte advokat Arne Gjeraker om at stat/fylkeskommune/kommune tok over ansvaret for vedlikehaldet av den private vegen opp til garden Ormelid og/eller yter eit tilskott som dekkjer det normale vedlikehaldet av vegen frå og med 2011, til no og for komande år.

Bakgrunnen for søknaden er at garden Ormelid i 2011 vart vurdert som eit kulturminne av nasjonal verdi og vedteken freda etter Lov om kulturminne (kulml.). Vedtaket omfattar freding av alle bygningane i tunet til bruk 1 etter kulml. § 15 og eit område som omfattar innmarka til bruk 1, samt ein del av utmarka til bruk 1 og 2, freda etter kulml. § 19. Føremålet med fredinga etter § 19 er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet og å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til det. Vegen opp til Ormelid er av nyare dato og vart ikkje tillagt noko eigen kulturminneverdi i samband med fredinga og er heller ikkje nemnd i føremålet til fredinga. Fredingssaka vart starta opp etter oppmoding frå eigarar og brukarar av bruk 1, Erling og Kjellaug Ormelid. Etter at Erling Ormelid gjekk bort har hans del av eigedomen vore forvalta av bustyrar advokat Arne Gjeraker.

Fram til 2004 ytte Luster kommune eit tilskot til vedlikehald av vegen, men etter at Erling og Kjellaug Ormelid flytta frå bruk 1, har det ikkje vore ytt kommunalt tilskot. I dag er det ingen fastbuande på bruk 1 og 2. Eigar av bruk 2 har gjennomført vedlikehald av vegen også etter 2004, men har ikkje hatt nokon avtale om kostnadsdeling med eigar av bruk 1. Eigar av bruk 2 har geiter som beiter på marka til begge bruka og ein skjøtselsavtale for innmarka til bruk 1. Fylkesmannen yter tilskot til gjennomføring av skjøtselen på innmarka til bruk 1.

I brev av 5. februar 2014 adressert bustyrar, gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune fyljande administrative vedtak:

Søknaden dykkar om at Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek ansvaret for vegen frå 2011 og for komande år, eller gjev eit tilskot som dekkjer de normale vedlikehaldet av vegen, vert med dette avslått.

Avslaget var grunna i at det er eigar, og ikkje fylkeskommunen, som har ansvar for det ordinære vedlikehaldet.

I brev av 11. februar 2014 frå bustyrar vart fylkeskommunen sitt vedtak av 5. februar 2014 påklaga. Grunnlaget for klagen er manglar ved sakshandsaminga/og eller feil rettsbruk. I klagen framfører klagar fyljande punkt:

- Det offentlege har overteke eit medansvar som inkluderer plikter knytt til forvaltninga av nemnde eigedomar, inkludert vedlikehald.
- At eigedomen ikkje har eit framtidig inntekspotensial med fredinga vil ein mogleg konsekvens vere at det vert minimalt framtidig vedlikehald.
- Ved at det offentlege tek del i årleg kostnad for framtidig vedlikehald av vegen vil ein gje eigarane eit signal om eit visst offentleg medansvar.
- Ved manglande kontinuerleg vedlikehald vil vegen om få år vere ubrukeleg.
- Klagar ber om at Riksantikvaren gjev uttale før klagen vert handsama.

I klagen vert det ikkje gjeve opplysingar om kva sakshandsamingsfeil klagar meiner at fylkeskommunen har gjort.

Kulturavdelinga har vurdert klagen og ikkje funne at dei kan ta klagen til følge. Det er fylkesutvalet som klagenemnd som er klageinstans i denne saka, jf. reglement for fylkesutvalet § 4. Fylkesrådmannen førebur saka til fylkesutvalet som klagenemnd for avgjerd.

I oversendingsnotatet frå Kulturavdelinga kjem dei med følgjande merknader til klagen (utdrag frå vedlegg):

- Eit vedtak om freding av ein eigedom omfattar ikkje ei overtaking av eigar sitt ansvar for vedlikehald av eigedomen. Det ordinære vedlikehaldet av den private vegen er eigar sitt ansvar og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje noko medansvar for dette.
- Fredingsvedtaket for Ormelid legg ikkje restriksjonar på bruken av eigedomen slik at potensialet for inntekt er blitt redusert i forhold til tida før eigedomen vart freda.
- Det offentlege yter i dag ikkje noko generelt tilskot til vedlikehald av freda anlegg. Eigarar av eit freda anlegg har moglegheit til å søkje om tilskot til konkrete istandsetjingstiltak.
- Klagar peikar på at ei fylje av manglande vedlikehald av vegen vil vere at dei freda bygningane til bruk 1 vi forfalle. Gjennom plan- og bygningslova har alle eigarar av bygningar ei generell plikt til å vedlikehalda sine egne bygningar.
- Det har tidlegare vore løyvd noko tilskot til sikringstiltak på dei freda bygningane og fylkeskommunen er innstilt på at ein i framtida skal løyve ytterlegare tilskot til istandsetjinga av dei. Då det i dag er tvist om eigarforholdet har fylkeskommunen valt å ikkje gå inn med midlar før denne er løyst.

Klagar vart i brev datert 22. mai 2014 oppmoda om å kome med merknader til Kulturavdelinga sitt oversendingsnotat innan 30. mai 2014. Bustyrar sende over sine merknader i e-post datert 28. mai 2014. Han framførte følgjande punkt:

- Det vart presisert at søknaden gjaldt tilskot til vedlikehald av privat veg til gardsbruket
- Klagar etterspør faktagrunnlag for følgjande påstand i Kulturavdelinga sitt notat: «Fredingsvedtaket for Ormelid legg ikkje restriksjonar på bruken av eigedommen slik at potensialet for inntekt er blitt redusert i forhold til tida før eigedommen vart freda»
- Klagar vil legge til grunn at det offentlege ikkje vil ta eit økonomisk medansvar for den private vegen til gardsbruket mv.

3. Vurderingar og konsekvensar

1. Spørsmål om klagerett på avslag om tilskot til vedlikehald av privat veg

Det følgjer av forvaltningslova (fvl.) § 28 at ein part har klagerett på enkeltvedtak fatta av forvaltningsorgan. Det følgjer av fvl § 2 bokstav b, jf. bokstav a) at eit enkeltvedtak er treft under utøving av offentlig mynde og «gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer». Det kan stillast spørsmål ved kor vidt vedtaket om å avslå søknad om tilskot til ordinært vedlikehald av privat veg er å rekne som eit enkeltvedtak.

I dette tilfelle er det ikkje noko etablert tilskotsordning klagar har søkt på. Det er ikkje nokon fylkeskommunal budsjettpost for tilskot til den type vedlikehald. Dette kan tale for at det ikkje er tale om utøving av offentlig mynde og at vedtaket såleis ikkje er å rekne som eit enkeltvedtak. Det hadde stilt seg annleis om det hadde vore tale om avslag på tilskot til istandsetting av kulturminne etter kulml. § 17. Slike vedtak er å rekne som enkeltvedtak etter fvl. § 2 bokstav b), jf. bokstav a). Fylkesrådmannen oppmodar likevel fylkesutvalet å handsame saka som om det i realiteten er snakk om eit enkeltvedtak.

2. Klagar har bede om uttale frå Riksantikvaren før klagen vert avgjort

Det følgjer bl.a. av forskrift om delegering av myndighet etter kulturminnelova (FOR-1990-04-30-351) at Riksantikvaren er klageinstans i klager etter kulml. § 8 første ledd.

Då Riksantikvaren seinare kan bli klageinstans i saker knytt til det aktuelle gardsbruket, finn ikkje fylkesrådmannen at slik uttale kan innhentast før saken vert handsama av klageorganet. Å innhente slik uttale i forbindelse med klage på avslag på tilskot til denne type vedlikehald er heller ikkje vanleg praksis. Klagar kan sjølv rette seg til Riksantikvaren for uttale i spørsmål som vedkjem det aktuelle kulturminne. Fylkesrådmannen finn difor ikkje å kunne ta klagar sin anførsel til følge på dette punktet.

3. Klagar har i sin klage anført at det offentlege har eit medansvar for den type vedlikehald som det er søkt tilskot til

Etter kulturminnelova er det eigaren som har hovudansvaret for vedlikehald av freda kulturminne. Det offentlege kan imidlertid etter kulml. § 17 andre ledd gje tilskot til vedlikehald av freda bygning. Det må utøvast skjønnt basert på kulturminnet sin verdi og eigarens økonomiske evne. I St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner kap. 4.5.1 vert det understreka den gjeldande rett om at hovudansvaret for drift, vedlikehald og utvikling av ein eigedom fortsatt skal ligge hjå eigaren. Det vert likevel gjeve eit klart signal om at «Staten skal vedlikehold av fredete eiendommer. Det vil bli tatt hensyn til at de som eier bygninger og anlegg som ikke er i bruk, kan ha ekstra store kostnader.» Dette slutta Stortinget seg til under handsaminga av meldinga våren 2005, jf. Innst. S. nr. 227 (2004-2005).

Den private vegen er av nyare dato og vart ikkje tillagt nokon eigen kulturminneverdi i samband med fredinga. Den er heller ikkje nemnd i føremålte med fredinga. At vegen gjev åtkomst til freda kulturminne er i seg sjølv ikkje avgjerande for spørsmålet om tilskot til vedlikehald etter kulturminnelova.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at utgifter knytt til ordinært vedlikehald av ein veg som ikkje har eigen kulturminneverdi, ikkje er å rekne som ein ekstra stor meirkostnad som følgje av at den gjev åtkomst til freda kulturminne. Fylkesrådmannen vurderer det difor slik at det er eigar av den freda eigdommen som har ansvar for vedlikehaldet av den private vegen.

Forvaltninga sitt ansvar består av å bistå eigar med råd og rettleiing i samband med istandsetjing av kulturminnet, utforming av søknadar og informasjon om sakshandsamingsrutinar og tilskotsordningar. Slik informasjon vart sendt til eigar det opphavlege fredingsvedtaket datert 07.08.2011.

4. Klagar har i merknad datert 28. mai 2014 bede om at fylkeskommunen gjer greie for det faktagrunnlag som ligg til grunn kulturavdelinga sin påstand om at «Fredingsvedtaket for Ormelid legg ikkje restriksjonar på bruken av eigedomen slik at potensialet for inntekt er blitt redusert i forhold til tida før eigedomen vart freda», sjå merknader frå Kulturavdelinga datert 24.04.2014

Klagar har i sin klage fremja påstand om at inntekspotensialet til gardsbruket er forringa som følgje av fredingsvedtaket. Klagar har ikkje gjort nærare greie for kva inntekspotensiale buet ser for gardsbruket og korleis dette potensialet vert forringa av fredinga. På det tidspunktet dåverande eigar av gardsbruket oppmoda om at det vart fatta eit fredingsvedtak, var inntekspotensiale ikkje rekna for å vere monaleg større enn på tidspunktet før fredinga. Det låg ikkje føre konkrete planar om endring av drift som kunne verke inn på inntekspotensialet. Fredingsvedtaket for Ormelid legg såleis ikkje restriksjonar på bruken av eigedomen slik at potensialet for inntekt er blitt redusert samanlikna med tida før eigedomen vart freda. Fylkesrådmannen finn ikkje å kunne ta klagen til følgje på dette punktet.

5. Klagar har påstått at det ligg føre manglar ved sakshandsaminga

Klagar har i det vidare klaga på manglar ved sakshandsaminga. Klagar har ikkje nærare gjort greie for påstanden sin. Fylkesrådmannen finn såleis ikkje at den delen av klagen kan vurderast.

6. Generell vedlikehaldsplikt – plan- og bygningslova

Klagar peikar på at ein konsekvens av manglande vedlikehald av vegen vil føre til at dei freda bygningane til bruk 1 vi forfalle. Gjennom plan- og bygningslova har alle eigarar av bygningar ei generell plikt til å vedlikehalda sine egne bygningar.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å oppretthalde Kulturavdelinga sitt avslag om tilskot til vedlikehald av privat veg. Klagen vert såleis ikkje teken til følgje.